

Førde, 19.05.2014

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Søknad om løyve til å bygge Neselva II kraftverk i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 17.01.2014 og til sakspapira som vi har lasta ned via nettet. Fråsegna vår er basert på søknaden med vedlegg, samtaler med lokalkjende, eigen kunnskap, og informasjon henta via nettet. På grunn av at svært mange saker er på høyring samstundes, har vi sett oss nøydde til å forenkle fråsegnene våre ein del. Vi vurderer ikkje biologisk mangfald i nemneverdig grad, og konsentrerer oss om å omtale friluftsliv, landskap og utbyggingsløyser.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 5.809. Neselva II kraftverk ligg i Midtre Nordfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://midtrenordfjord.turistforeningen.no/>

Om friluftsliv i det aktuelle området:

Dalføret frå Ytre Kandal og oppover langs Neselva er ein av fleire viktige innfallsportar til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde i Gloppen kommune. For den aktuelle delen av verneområdet er dette den viktigaste innfallsporten, men i Gloppen kommune er det mange innfallsportar, og dette er **ikkje** den mest brukte av alle desse. Men viktig er den likevel!

Ettersom det er veg opp til Ytre Kandalsstøylen og Nesstøylen, startar dei fleste turgåarane turane sine i nærleiken av støylane som ligg ovanfor inntaket, slik at det truleg er nokså få som går på tur langs utbyggingsstrekninga. Bilturen opp til startpunktet er sjølvstøtt også ein del av den totale tur-opplevinga i det flotte landskapet ein har i Gloppen, men friluftsliv er det ikkje.

Frå området ved støylane kan ein gå turar i mange retningar. Midtre Nordfjord Turlag arrangerer ofte turar i området, mellom anna sørover til Botnafjellet, som er det høgste fjellet i verneområdet. Indre Sunnfjord Turlag har også hatt tur dit. Det same har vi fått opplyst at Breimsbygda IL har hatt. (Ikkje 100% sikker info.) Indre Sunnfjord Turlag har hatt turar frå Årdal i Jølster via Longevasshytta og til Ytre Kandalsstøylen. Barnas Turlag i Gloppen har hatt trimpost i Sørsendalen sør for støylane. Og så går det ei viktig turrute frå støylane og mot nordnordvest innover Nesdalen. Der kan ein gå heilt til Ryssdal, om ein ønskjer det. Området er med andre ord både attraktivt og mykje brukt til friluftsliv.

Bruken av området er sjølvstøtt først og fremst lokal i Gloppen kommune, men den er også regional!

Kommentarar til utbyggingsplanane:

2.1 Hovuddata: Den omsøkte maksimale slukevna på ca. 146% av middelvassføringa har vi ingen merknader til. Men slepping av ei minstevassføring på til dels langt under 5-persentilane i ei elv som både renn i eit trøgt gjel og som har 3 markerte fossefall, er altfor lite. **5-persentilane må brukast!**



2.2 Inntak: Vi har ingen spesielle merknadar når det gjeld inntaket. Men ettersom det ligg kloss ved stølsvegen, er det viktig at det vert gjort "pent arbeid", slik at det ikkje blir dominerande i landskapet

2.2 Vassveg: Vi har ingen spesielle merknader til røyrgatetraseen. Ettersom vi ikkje har hatt tid til å reise på synfaring, kan vi ikkje uttale oss detaljert om den.

2.2 Kraftstasjonen: Heller ikkje når det gjeld plasseringa av kraftstasjonen kan vi uttale oss detaljert, fordi vi ikkje har vore på synfaring. God støydempering er her, som andre stadar, viktig.

2.2 Vegbygging: Ingen spesielle merknadar.

2.2 Nettilknytning: Ingen merknadar. Bruk av jordkabel er bra!

2.6 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar: I tilknytning til arbeidet med oppretting av Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde vart det i samarbeid mellom Fylkesmannen og Fylkeskommunen laga ein fylkesdelplan for forvaltning av randsonene til verneområdet. Planen inneheld ein del restriksjonar på kva tiltak som kan gjennomførast inne i planområdet og skal vere retningsgjevande for Fylkeskommunen og Kommunen sitt arbeid. Inntaket til Neselva II kraftverk ligg så vidt vi kan sjå like på innsida av området for Fylkesdelplanen. **Viss det ikkje alt er gjort, ber vi NVE om å krevje at Gloppen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune gjer greie for kva vurderingar dei har gjort når det gjeld eventuelle konflikhtar med Fylkesdelplanen.**

Tilhøvet til OED sine retningslinjer for små vasskraftverk, er ikkje omtala i søknaden. I denne saka er det heilt klåre konflikhtar, men desse reknar vi med at NVE vurderer, så vi skal ikkje kommentere dei nærare.

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

3.1 Hydrologi: Med både naturtypene bekkekløft og bergvegg, og tre ulike fossesprøytsoner, fosseeng og fosseberg, på utbyggingsstrekninga, er det heilt klårt at den omsøkte minstevassføringa er altfor låg. Minstevassføringa må minimum settast til 5-persentil sommar og vinter!

3.2, 3.3, 3.4, 3.5, 3.6, 3.8, 3.9 og 3.10: Vi har ikkje hatt tid til å vurdere desse punkta i særleg grad. Men vi viser til det vi har skrive ovanfor om auka minstevassføring. Vi viser også til at inntaket og ein stor del av røyrgatetraseen ligg inne i eit "Område med spesielle naturkvalitetar i Sogn og Fjordane", område 1445-32 Nesstøylen. Områdeskildring: **"Randmorener danna av fjordbrear frå Blåfjellstadiet (Eldre Dryas) og hovudstadiet (Yngre Dryas) og yngre, og dalbremer frå sein- glacial tid til i dag. Strandlinjer frå seinglacial bredekt sjø."**

3.7 Landskap: Ettersom vi ikkje har vore på synfaring, vil vi gjerne kome attende til dette temaet i samband med NVE si sluttsynfaring.

3.11 Brukarinteresser: Vi viser til det vi har skrive om friluftsliv på side 1 i fråsegna.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Det er ein del klåre konflikhtar når det gjeld denne utbygginga. Mellom anna gjeld dette naturtypar, biologisk mangfald og Område med spesielle naturkvalitetar. Hos oss har vi for lite kunnskap til å vurdere kor stor vekt det skal leggjast på desse konflikttane, men det vurderer sjølvsagt NVE.

Når det gjeld friluftsliv, er det også ein del konflikhtar, men vi vurderer ikkje konfliktnivået på dette området som så stort at vi vil gå mot utbygginga. Konfliktnivået er innanfor det vi kan akseptere.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)

Vedlegg 1 (eigen fil): Utdrag av den delen av Stølsnotatet som er relevant for denne utbygginga.
Stølsnotatet vart utarbeidd som del av det totale arbeidet med Naustdal-Gjengedal landskaps-
vernområde.